

# **LOVER FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**

*(Leikarringen vart skipa 14. november 1919. Lov og styringsføresegner sist endra 02.03.2021.)*

## **§ 1 – Skipnad**

Leikarringen vart skipa som særslag i Bondeungdomslaget i Oslo 14. november 1919. Gjennom Bondeungdomslaget er Leikarringen medlem i landssamskipnadene Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, og er bunden til lover og føresegner for desse organisasjonane.

## **§ 2 – Føremål**

Leikarringen skal gjennom aktivt arbeid fremje vørnaden for våre folkelege kulturtradisjonar, særleg folkedans, folkemusikk og bunadtradisjon, og la dette vere grunnlaget for ei miljøskapande samværsform. Ringen har sine eigne oppgåver som framsyningsring, og i arbeidet med opplæring av leikleiarar og rettleiarar.

## **§ 3 – Medlemmer**

Medlemmer i Bondeungdomslaget kan verte med i Leikarringen når dei har dei kunnskapar som trengst, og vil fremje føremålet til Leikarringen. Styret avgjer kven som kan verte med i Leikarringen.

## **§ 4 – Styret**

I styret for Leikarringen sit leiar og tre styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år, to og ein på annakvart årsmøte. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når tre styremedlemmer er til stades.

## **§ 5 – Arbeidet i Leikarringen**

Styret skipar til alle øvingar og framsyningar. Til å ta seg av møte, turar, festar og anna, kan styret velje nemnder. Desse nemndene skal leggje planane sine fram for styret til godkjenning.

Alle vedtak som kan føre med seg nemnande økonomisk ansvar, må godkjennast av styret i Bondeungdomslaget.

## **§ 6 – Årsmøtet**

Årsmøtet skal haldast innan utgangen av februar, og saklista skal vere kunngjort minst 14 dagar føreåt. På årsmøtet skal styret leggje fram årsmelding, rekneskap og planar for arbeidet i det komande året.

Bondeungdomslaget sin valde revisor skal revidere rekneskapen.

Leikarringen skal sende årsmelding og utdrag av godkjend rekneskap til styret i Bondeungdomslaget innan utgangen av februar.

Når minst tre styremedlemmer eller minst 1/4 av medlemmene krev det, skal styret kalle inn til omframt årsmøte.

### **§ 7 – Innsyn**

Styret i Bondeungdomslaget har rett til innsyn i arbeidet og økonomien i Leikarringen (jf. lov for Bondeungdomslaget, § 5).

### **§ 8 – Lovendring**

Berre årsmøtet i Leikarringen kan endre lova når minst 2/3 av dei frammøtte medlemmene røystar for. Lova skal godkjennast av Bondeungdomslaget etter tilråding frå lagsstyret. Framlegg til lovendring må vere kunngjort minst to veker før årsmøtet.

*Denne lova vart vedteke på Leikarringen sitt årsmøte 21. januar 1992, og er godkjend av laget etter tilråding frå styret i Bondeungdomslaget.*

## **STYRINGSFØRESEGNER FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**

### **§ 1 – Ymse ombod i Leikarringen**

I tillegg til dei omboda som er nemnde i lova, har Leikarringen:

1. Bunadnemnd med tre medlemmer
2. Valnemnd med tre til fem medlemmer
3. Eit råd med fem medlemmer

### **§ 2 – Lagsfolk**

Dei som vil melde seg inn i Leikarringen, sender innmelding på fastsett skjema

Kvar vår, i samband med utsending av årsmøteinncalling, sender styret ut medlemsliste med telefonnummer, post- og e-postadresse til alle medlemmene. Dei som ynskjer det kan be seg fritekne for å ha namnet sitt på denne lista.

### **§ 3 – Leiaren**

Leiaren skal sjå til at styre- og årsmøtevedtak vert sette i verk. Leiaren skal kalle inn til styremøte. Leiaren har dobbeltrøyst i styret dersom røystene står likt.

### **§ 4 – Kassastyraren**

Kassastyraren skal stå for alle inn- og utbetalingar, og føre rekneskapen i samsvar med reglar som lagsstyret fastset i samråd med Bondeungdomslaget sin valde revisor.

### **§ 5 – Skrivaren**

Skrivaren skal føre referat frå alle møte og tilskipingar, og ha ansvar for nettstad og sosiale medium.

### **§ 6 – Bunadnemnd**

Leikarringen har ei bunadnemnd med tre medlemmer, valde på årsmøtet. Nemnda vel leiar seg i mellom.

Nemnda skal arbeide for å fremje bunadkulturen og vere eit rådgjevande og opplysende organ for medlemmene i Leikarringen. Bunadnemnda skal ta vare på Leikarringen sine eigneluter og føre liste over dei, med merknad om kvar dei er å finne.

Nemnda skal leggje fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet.

### **§ 7 – Rettleiarar**

Styret skaffar så mange rettleiarar og spelemenn som ein treng. Saman med rettleiarane set styret opp øvingsprogram for året.

### **§ 8 – Rådet**

Rådet er skipa for å vere til hjelp for styret i arbeidet med å fremje føremåla til Leikarringen.

Det skal vere fem rådsmedlemmer valde mellom lagsfolk som

- a) tidlegare har vore leiarar i Leikarringen, eller
- b) har vore rettleiarar i Leikarringen i minst to år, eller
- c) har heidersmerket, eller
- d) har vore ordinært styremedlem i Leikarringen i minst to år

Leiaren i Leikarringen har rett til å møte i Rådet med tale- og framleggsrett.

Medlemmer av Rådet vert valde på årsmøtet for to år om gongen, to det eine året og tre det andre året. Rådet vel ordførar, og skrivar seg i mellom. Det skal vere minst to møte kvart år. Rådet skal leggje fram melding om arbeidet sitt på årsmøtet.

Rådet skal vere eit rådgjevande organ og kan ikkje gjere vedtak som er bindande for Leikarringen. Det handsamar saker styret ønskjer å få drøfta, og saker det sjølv finn grunn til å drøfte. Saker frå styret bør leggjast fram skriftleg. Alle tilrådingar til styret skal vere skriftleg.

### **§ 9 – Fond**

Hyttefondet og Bunadfondet er sett inn på eigen konto i bank eller annan kredittinstitusjon. Leiaren og kassastyraren i Leikarringen har rett til saman å disponere midlane i fondet etter vedtak på årsmøte.

### **§ 10 – Barnelaget**

Barnelaget er sovande og lagt administrativt under Leikarringen.

### **§ 11 – Valnemnda**

Årsmøtet skal velje valnemnd til neste årsmøte. Tilrådinga frå valnemnda skal fylgje innkallinga til årsmøtet. Valnemnda møtest fyrste gongen i november.

### **§ 12 – Heidersmerke**

Leikarringen har eit heidersmerke som vert delt ut etter samrøystes vedtak i styremøte der heile styret må vere med.

Rettesnor for utdeling av heidersmerke:

1. Leiar i tre år og gjort godt arbeid.
2. Rettleiar og framsyningsdansar i fem år og gjort godt arbeid.
3. Aktiv framsyningsdansar i minst ti år og i tillegg teke del i andre aktivitetar som fremjar føremålet til Leikarringen, t.d. styrearbeid i ringen eller hovudlaget, nemndarbeid, musikk, o.l.
4. Styret kan i særskilde høve dele ut merke til medlemmer som fell utanom dei tre første punkta i desse føresegnene.

### **§ 13 – Heiderslagsfolk**

Heiderslagsfolk vert utnemnde av styret. Heile styret må vere samd i utnemninga.

#### **§ 14 – Årsmøtesaker**

Faste postar på saklista for årsmøtet er:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Budsjett og planar for det komande året
4. Val på:
  - a) Leiar for eitt år
  - b) Styremedlemmer for to år
  - c) Varamedlemmer til styret for eitt år
  - d) Bunadnemnd for eitt år
  - e) Råd for Leikarringen for to år
  - f) Valnemnd for eitt år

#### **§ 15 – Vedtak**

1. Årsmøtet fastset årspengane i Leikarringen. Dei som melder seg inn etter 1. september, får hausten gratis og får fyrst faktura i januar året etter.
2. Heiderslagsfolk, styret med varamedlemmer og tilskipingsnemnda går gratis inn på tilskipingane til Leikarringen..

#### **§ 16 – Endring i styringsføresegner**

Desse styringsføresegnene kan endrast med vanleg fleirtal på eit årsmøte i Leikarringen.

Røystinga skal vere skriftleg dersom minst fem medlemmer krev det.